



Dato: 22.10.2008
Arkivref: 2006/460-52 /
232

Saksbeh.: Idar Harnes

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
08/38	Kommunestyret	29.10.2008

Uttale om grense for utskriving av eiedomsskatt i sjøområdet

Vedlegg:

- 1) Situasjonsskisse i samband med import-/eksportleidningane Ormen Lange
- 2) Kartutsnitt over planlagt vindmøllepark utanfor Harøya i Sandøy kommune i høve til Grunnlinja
- 3) Høyringsnotat – Forslag om grense for utskriving av eiendomsskatt i sjøområdet

Framlegg til vedtak:

Inntekt frå eiedomsskatt på tiltak utanfor grunnlina ligg til grunn for store investeringar som Sandøy kommune alt har føreteke. Dette saman med lokalsamfunnet sin framtidige vilje til å akseptere ulemper ved tiltak i vårt nære havområde, gjer at kommunen sterkt vil åtvare mot å endre dagens praksis.

Sandøy kommune krev difor at retten til å skrive ut eiedomsskatt ut til territorialgrensa vert oppretthalde.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 29.10.2008

Behandling:

Forslag til nytt framlegg med eit nytt pkt.2 vart sett fram i møtet av ordføraren:

1. Inntekt frå eiedomsskatt på tiltak utanfor grunnlina ligg til grunn for store investeringar som Sandøy kommune alt har føreteke. Dette saman med lokalsamfunnet sin framtidige vilje til å akseptere ulemper ved tiltak i vårt nære havområde, gjer at kommunen sterkt vil åtvare mot å endre dagens praksis.
Sandøy kommune krev difor at retten til å skrive ut eiedomsskatt ut til territorialgrensa vert oppretthalde.
2. Vert grunnlina sett som grense for utskriving av eiedomsskatt krev Sandøy kommune å få kompensert tapet igjennom rammeoverføringane.

Vedtak:

Samrøystes vedtak: Som tilrådinga med endringsforslaget sett fram i møtet.

SAKSUTGREIING

BAKGRUNN FOR SAKA

I Ot.prp. nr. 1 (2007)2008) er det mellom anna uttalt at Finansdepartementet ville vurdere moglege endringar og avklaringar i eigedomsskattelova i høve til kor langt ut i sjøområdet kommunane kan skrive ut eigedomsskatt og der siste frist til uttale er fastsett til 2. desember 2008.

Dette er ei vidareføring av det arbeidet som er utført av ei interdepartemental arbeidsgruppe på vegne av Finansdepartementet, og som Sandøy kommune tidlegare har kommentert ovanfor Finansdepartementet og Kommunenes Sentralforbund (KS) i k.sak 08/21.

I sin tidlegare uttale (k.sak 08/21) har Sandøy kommune gått sterkt imot dei signala som kom fram frå departementalt hald i denne saka, og Sandøy kommunestyre fatta såleis samrøystes vedtak: "Sandøy kommune går sterkt imot å endre gjeldande regelverk for utskrivning av eigedomsskatt i sjøområdet".

SAKSOPPLYSNINGAR

Sandøy kommune innførte eigedomsskatt frå 1. januar 2008 for verk og bruk i kommunen for framleis å kunne gi innbyggjarane sine tilbod om velferd og gode tenester.

Sandøy kommune er ein rein øykommune med om lag 1280 innbyggjarar, utan fastlandssamband og er såleis i prinsippet prisgitt å kunne nytte dei moglegheitene som natur og geografi tilbyr. Vidare er kommunen geografisk sett nabokommune med Aukra som er vertskommune for Norske Shell A/S og som har sitt produksjonsanlegg på Nyhamna.

I tilknytning til dette store landanlegget er det lagt tilføringsleidningar for gass/kjemikalier frå Ormen Lange-feltet til Nyhamna og vidare er det lagt gassleidning frå Nyhamna i Aukra til Easington i England (del av eksportleidninga Langeled).

Landfallet for desse leidningane ligg såleis i Aukra kommune. Felles for desse leidningssystema er at alle kryssar Sandøy kommune sitt no gjeldande territorium, at dei ligg utanfor grunnlinja og at dei delvis ligg i korridoren grunnlinje – grensa for fire nautiske mil og delvis i korridoren fire nautiske mil – territorialgrensa (12 nautiske mil).

Sandøy kommune vil såleis med utgangspunkt i Finansdepartementet si tilråding miste heile eigedomsskatten for desse to objekta (Ormen Lange Offshore og Langeled).

Dette kan ikkje Sandøy kommune akseptere.

Som eit eksempel kan følgjande illustrasjon nyttast:

Havsul I Vindkraftverk fikk i haust tildelt anleggskonsesjon frå NVE til å setje opp botnfaste vindmøller utanfor Harøya i Sandøy kommune, og i hovudalternativet vil dette dreie seg om 78 store vindturbinar. Dette er den største offshore vindparken i Noreg og vil påverke synsfeltet for samtlege innbyggjarar i veldig stor grad.

Harøya er største øya i kommunen og er bustadplass for dei fleste innbyggjarane og desse vil visuelt sett bli sterkt berørt av vindparken.

Prognosane tilseier ein kraftproduksjon i underkant av 1 TWh og skal såleis teoretisk sett kunne gi straumtilførsel til om lag 50.000 husstandar.

Rotordiameteren er på heile 120 meter og navhøgda utgjør 95 meter. I dette tilfellet vil kraftproduksjonen bli nytta til innmating på Nyhamna transformatorstasjon i Aukra for til dels å kunne drive gassen til Easington og til dels for å kunne avbøte underskotet av energi i regionen Trøndelag/Møre og Romsdal.

Samla bandlagt areal for denne vindparken er utrekna til om lag 62 kvadratkilometer og av dette arealet vil bortimot 60 % ligge innafor grunnlinja og ca 40% utanfor grunnlinja. Med utgangspunkt i forslaget frå Finansdepartementet vil ca. 40 % falle utanfor kommunen si moglegheit for å skrive ut eigedomsskatt. Med denne store vindparken vestvendt, og mot solnedgangen, rett utanfor tettbebygd areal og utan moglegheit for å kunne skrive ut eigedomsskatt fullt ut, kan ikkje Sandøy kommune akseptere grunnlinja som grense for eigedomsskatt i sjø, og då på generelt grunnlag.

Det er såleis i strid med folks rettsoppfatning, og også i strid med gjeldande rett og hevd, når ein etter ei eventuell lovendring i prinsippet kan tillate byggeløyve for store, ruvande konstruksjonar, tildømes heilt inn til grunnlinja (ytterste skjær), og då utan at kystkommunane kan krevje økonomisk kompensasjon i form av eigedomsskatt for ulempene dette medfører. ***Å misse denne retten kan ikkje Sandøy kommune akseptere.***

Kommunen har, gjennom dei siste to åra, hausta erfaring med Havsul 1 sin lokaliseringsprosess, eit tiltak innanfor og utanfor grunnlina. Dette er tunge og vanskelege avvegingar for lokalsamfunnet. Dersom mulegheitene til kompenserande tiltak fell bort, vil ikkje slike prosjekt kunne få lokalsamfunnet si tilslutning.

ØKONOMISKE KONSEKVENSA

Som nemnt ovanfor er folketalet i Sandøy kommune berre om lag 1280 innbyggjarar. Dette gjer at kommunen økonomisk sett er sterkt avhengig av ei forutsigbar økonomisk framtid.

Med bakgrunn i eigedomsskattelova og den økonomiske gevinsten dette gir, vart det vedteke å innføre eigedomsskatt på verk og bruk frå 1. januar 2008 for på denne måten å kunne gi innbyggjarane same tilbod/tenester som i meir sentralt plasserte kommunar. I tråd med dette vart det vedteke å ruste opp skulebygg/kulturbygg for 61,5 mill. kr i 2008.

Dette arbeidet i i full gang og vil vere fullført hausten 2009. Låneopptaket er gjort og samla sett er langsiktig ekstern lånegjeld pr. i dag 22. oktober 2008 (eksklusive startlån til husbyggjarar) på omlag 98,3 millionar kroner.

Med det vesle antal innbyggjarar vil dette utgjere ein lånegjeld på kr. 76.788,- pr. innbyggjarar, men med utsikter til eigedomsskatt frå sjøområdet ut til territorialgrensa ville ikkje dette by på uovervinnelege problem. Inntekta frå eigedomsskatten er heilt avgjerande for budsjettframlegget for år 2009 og også avgjerande for komande økonomiplanperiode og kan også vere med på å dempe eller motvirke negative følgjer i samband med finanskrisa som råkar oss alle.

For orden skuld kan det opplysast at skattetakstgrunnlaget for bedrifter i sjøområdet utanfor grunnlinja er på om lag 1,1 milliard og såleis med 7 promille vil eigedomsskatten utgjere omlag 8,183 millionar kroner pr. år. Med bortfall av slike forutsigbare og store inntekter vil Sandøy kommune hamne på ROBEK-lista ganske så snart.

Dette kan ikkje Sandøy kommune akseptere.

KONKLUSJON

Sandøy kommune er av den meining at det utifrå gjeldande lovforståing er tilstrekkeleg avklart at det er høve til å skrive ut eigedomsskatt i sjøområdet og at denne lovheimelen ikkje skal endrast i høve til gjeldande regelverk og etablert praksis.

Sandøy kommunestyre krev at Finansdepartementet held fast ved etablert praksis med omsyn til utskriving av eigedomsskatt ut til territorialgrensa (12- milsgrensa).


Folkevalde politikarar i Sandøy kommune vert oppmoda om å utøve påverknad gjennom sine politiske kanalar.

Lasse Larsson Fjørtoft
rådmann

Idar Harnes
økonomisjef

Utskrift:
Finansdepartementet
Finanskomiteen
Storingsrepresentantar frå Møre og Romsdal
Kommunenes Sentralforbund
Kommunar etter adresseliste

Rett utskrift:
Sandøy kommune, 30.10.08


Jorunn Finnøy
saksbehandlar